

# Svar frå Høgskulen på Vestlandet til utvalet om kunstig intelligens i høgare utdanning (Malthe-Sørenssen-utvalet)

HVL finn at **den største utfordringa med KI i høgare utdanning** er å følgje med i utviklinga, ettersom KI blir ein meir og meir integrert del av kvardagen til studentar, tilsette, og samfunnet elles. KI bør ikkje bli betrakta i sektoren som eit enkelt verktøy, men som ein gjennomgripande del av vår virkelighet. KI-teknologi utviklast i samspel med samfunnet og påverkar korleis vi lærer, arbeider og samhandlar.

Det er **stor uvisse kring korleis teknologien og høgare utdanning ser ut ti år fram i tid**. Dersom utviklinga held fram i same takt, kan vi sjå for oss ei verd der KI kan svare på og utføre digitale oppgåver både raskare og betre enn dei fleste menneske. Dersom dette vert knytt til robotikk i løpet av ti år, vil det også kunne vere at robotar med KI kan utføre nokre eller mange fysiske oppgåver betre enn mange menneske. Dette har vidtrekkande konsekvensar for høgare utdanning og samfunnet. HVL ønskjer gjennom forskinga vår, som finn stad i alle fakultet og fagmiljø, å bidra til ansvarleg innovasjon, kritisk tenking og samfunnsrelevans.

For at utdanningane skal kunne **førebu studentane på eit samfunn og arbeidsliv der KI får auka tyding** bør undervisarar og studentar **saman** gå inn i nye teknologiske landskap. Dette krev mot til å gi slipp på kontroll og trygghet, og heller bygge læring på felles undring og refleksjon saman med KI. Det er vidare behov for å utfordre etablerte normer og ideal i utdanningssystemet. Det er, til dømes, høgst relevant å spørje kva slags kunnskap og ferdigheiter som eigentleg er verdifulle i ei verd i rask endring, og spørje korleis vi kan anvende KI for å fremje det særskilde menneskelege – danning, kreativitet og kritisk tenking. KI kan frigjere tid både i utdanning og yrke til **å styrke** dei mellommenneskelege kvalitetane i yrka som vi utdannar til. Omsorg, å tolke ein elev, eit barnehagebarn eller ein pasient og brukar sine behov, å kommunisere med mange ulike aktørar, handtere akutte situasjonar og kriser er noko av det spekteret vi må sikre at våre kandidatar kan når dei går ut i frå oss. KI kan støtte i prosessane, men våre kandidatar må ha dei grunnleggjande kompetansane for å fatte beslutningar.

**Eksamen og vurdering** blir utfordra særskilt av KI. I dag er det særleg gjennom munnleg, praktisk og praksisbasert eksamen – gjennomført med fysisk tilstedeværande – som i relativt stor grad kan oppretthalde vurderinga si integritet. Samstundes må vi erkjenne at teknologiske hjelpemiddel utfordrar sjølv desse formene, og vil kunne gjere det i større grad framover. Dette gir oss ei moglegheit til å gå djupare: Kva er det eigentleg vi ønskjer å vurdere? Kva betyr det å kunne noko i ei tid der informasjon er umiddelbart tilgjengeleg? I staden for å forsøke å kontrollere teknologibruken, kan vi bruke anledninga til å utvikle vurderingsformer som fremjar refleksjon, kreativitet og samfunnsrelevans. Vurdering bør i større grad bli forstått som ei arena for refleksjon og fagleg utvikling – ikkje berre som ei måling av kva som er lært. Dette opnar for meir meningsfulle og framtidsretta vurderingsformer.

Når det gjeld **kva ferdigheiter studentane treng i høve til KI**, bør det skapast trygge og opne arenaer for felles utforsking, studentar imellom og saman med tilsette, og med arbeidslivet. Det er lite hensiktsmessig å forstå KI-kompetanse som eit sett av avgrensa ferdigheiter ein kan 'lærast opp i' og bruke. Teknologi, samfunn, utdanning og menneskeleg utvikling er tett samanvevd og må forståast i samanheng.

### **Kva moglegheiter og utfordringar gir så KI i undervisning og læringsaktivitetar?**

Det blir nye relasjonar mellom undervisar og student. Den tradisjonelle undervisar–student-modellen, der underviseren har kunnskapen og studenten skal tileigne seg ho, blir utfordra når begge grupper har tilgang til KI, som på sikt kan generere like gode presentasjonar og svar som ein undervisar, men som aldri blir trøtt og alltid er tilgjengeleg. I staden bør vi sjå på læringsrelasjonen i større grad som eit felles utforskningsrom, der ulike perspektiv og erfaringar møtest og berikar kvarandre, med støtte frå KI.

Høgskulen har gjennomført **undersøkingar blant studentar** knytt til bruken av KI-chatbotar både i 2023 og 2024. I 2023 svarte 20 prosent at dei brukte KI-chatbotar for å støtte læringsarbeidet dagleg eller kvar veke. I 2024 gjaldt dette 60 prosent. Fleire gutar enn jenter svarar at dei brukar KI. Studentane svarar at KI gir nye moglegheiter for læring. Dei finn svar på spørsmål relatert til studiar, generere idear, oppsummering og forbetring av tekst, gje tilpassa forklaringar og som sparringspartnar og rettleiar. Studentane stiller **og** spørsmål om korleis KI-chatbotar styrkar eller truar evna til å tenke sjølv og lære fagstoff. Når det gjeld bruk av KI som sparringspartnar fann vi uttalar kring at studentane seier dei blir mindre avhengig av å møte på campus for å spørje studentassistenter, medstudentar eller undervisarar. Dette er noko vi såg fleire skrive i opne tekstsvaer i 2024, men ikkje i 2023. Utviklinga skjer veldig raskt!

KI og teknologi utfordrar også generelt kva som blir ansett som relevant og verdifullt i **akademiske arbeid**. Det er nødvendig å revurdere form og innhald i langsvarsoppgåver for å sikre at dei fortsatt gir meining og truverde. Det finst alt stor variasjon i kva som reknast som masterarbeid på tvers av fagmiljø. Denne variasjonen tilsier at oppgåvetekstar må tilpassast ulike faglege og endra samfunnsmessige behov.

For at **fagleg tilsette skal ha kompetanse til å handtere KI i utdanning** er nødvendig med ei langsiktig kompetansebygging. KI-kompetanse må forståast som ein kontinuerleg prosess, ikkje som ei engangsopplæring. Det krev tid, ressursar og vilje til å utfordre etablerte praksisar og verdiar, og det tek tid å bygge nye kompetansar.

Det trengs **nasjonale tiltak** som bør inkludere **finansiering** og **utvikling av felles ressursar**, som europeiske eller norske/nordiske språkmodellar, digitale plattformer, opplæringsprogram og forskningssamarbeid retta spesifikt mot KI i høgare utdanning. Dette kan bidra til å redusere ulikheiter mellom institusjonar med ulik kompetanse og kapasitet, samt støtte teknologiutvikling som i større grad er frikobla frå globale kommersielle aktørar og interesser. Samstundes må det vere rom for lokale tilpassingar ettersom høgare utdanningsinstitusjonar har ulike fagprofilar, studentgrupper og kontekstar, og må kunne utvikle eigne strategiar for korleis KI integrerast i undervisning, vurdering og forskning. Det bør etablerast strukturar for dialog og samarbeid mellom nasjonale styresmakter og lokale institusjonar. Dette kan sikre at nasjonale tiltak er forankra i praksisfeltet, og at lokale erfaringar bidrar til utvikling av nasjonal politikk.

Når det gjeld spørsmålet om **kva særtrekk ved utdanningane tilseier at KI blir handtert annleis enn i høgare utdanning generelt**, så ser vi at KI påverkar alle fagområde og utdanningar, direkte og indirekte. Høgskulen på Vestlandet er ein av dei største høgare utdanningsinstitusjonane i landet, med om lag 16.500 studentar og 1900 tilsette, og den viktigaste høgare utdanningsinstitusjonen på Vestlandet. Dei fem campusane våre ligg i Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal og på Stord. Vi har ein profesjons- og arbeidslivsretta profil og tilbyr mellom anna utdanningar til samfunnsviktige yrke som sjukepleiar, lærar og ingeniør. Særtrekk ved profesjonsutdanningane ved HVL:

1. Utdanningane legg stor vekt på etisk refleksjon, empati, vurderingskompetanse og relasjonsbygging. KI-verktøy kan støtte, men aldri erstatte genuin menneskeleg kontakt.
2. Data og databasar som tilsette og studentar i alle profesjonar forvaltar og får tilgang til kan vere sensitive, og tilgang, bruk og deling av data må vere strengt regulert og handterast med høg medvit om personvern, hensyn og datasikkerheit. Studentane må lærast opp i personvern, informert samtykke og datasikkerheit.
3. Profesjonsfagleg vurdering og beslutningstaking, for eksempel i kliniske situasjonar i helsefag, barnehage og lærarutdanning, tryggleik i ingeniør- og samfunnsfag, stiller høge krav til kritisk tenking og risikovurdering. KI må brukast som supplement – ikkje som beslutningstakar.
4. Feil bruk av KI i profesjonsfaglege utdanningar kan få alvorlege konsekvensar for dei det måtte angå, pasientar, elevar og føresette, samfunnsikkerheit osv. Det krev opplæring i juridisk, etisk og ansvarleg profesjonsfagleg utøving.
5. Som eit femte punkt vil vi nemne at HVL er ein av fire institusjonar i VINST-alliansen (i tillegg til Nord Universitet, Høgskolen i Innlandet og Universitetet i Sørøst-Norge), og her gjer HVL sin særtrekk oss godt rusta til samarbeid og felles ressursutnytting innan bruk av og forskning på kunstig intelligens (KI) innan fleire områder, som til dømes:
  - a. Tverrfagleg og tverrinstitusjonelt samarbeid
  - b. Sterk forskingskultur som fremjar innovasjon og utvikling
  - c. Infrastruktur og ressursar. Dette kan inkludere tilgang til høgtytande datamaskiner, store datamengder (big data) og spesialiserte programvareverktøy.
  - d. Kompetanseutvikling. Utvikle og dele opplæringsprogram for å styrke kompetanse innan KI blant studentar og tilsette.